

## MINNE FRA APRIL 1940

AV K. B. LIMA

Dette bar til ein av dei første aprildagane i 1940, før dei norske styrkane hadde slæge seg ned på Ålgård. I det heile hadde ein sett lite til militære her på staden til denne tid. Det einaste var tre tyske offiserar som ein dag steig ut or ein bil nede i Krossen. Dei gjorde ikkje anna enn såg seg om, svinga seg rundt til alle kantar og såg seg vel om. Me vart forstøkte av den gjestinga.

Eg var aleine hjemme, og ein kveld ville eg ta ein liten tur ut og tok vegen nedover Krambugata. Stille og roleg var det allstad. Her var i det heile lite som minna om ufred. Utanfor husa til Ingvald Åsen møtte eg Ravn-Tollefsen, som da var lensmannsbetjent i Gjesdal. Han stima rett mot meg, og utan noko innleiande prat, sa han: «Du får stiga inn i den bilen!» Han peika på ein lastebil som stod litt lenger nede i gata. Han totte nok eg såg noko ovandotten ut der eg stod og smått flirte. Dette måtte vera ein spøk, trudde eg. Han såg alvorleg på meg og sa:

«Berre stig inn, du!»

«Kvar skal eg av?» ville eg vite.

«Ein stad i Norge», svara han stutt. Det var ikkje så sjeldan me fekk høyra det ordet dei dagane.

«Jamen eg.....», begynte eg.

«Tida er knapp», sa han berre og peika på bilen.

Eg våga ikkje pukka lenger, men gjekk ned til bilen og stakk inn i førarhuset. Bilen var temmeleg gammal og såg skrøpeleg ut. Han hadde ei grå presenning over eit heller stort lass. Ved rattet sat ein ung mann eg aldri hadde sett før. Han sa heller ikkje kven han var, men bøygde seg ut og snakka lågt med Ravn-Tollefsen eit lite bel. Eg fekk ikkje tak i kva dei snakka om, men snart snudde han seg mot meg og sa:

«Ja, så dreg me då.»

Eg berre nikka, og bilen gjorde eit par små rykk før han kom inn i jamn gonge. Det bar opp Spinneribakken og inn Rettedalen. Me svinga inn på riksvegen ved Gjesdal Forbrukslag. Sjøføren tagde bom still til me var omlag ved Storenes, men då sa han at eg skulle vera kjent- og hjelpesmann og vera med han til Gilja. Han fortalde at der inne gjekk mange gutar og venta på militærutstyr. Og no fekk eg vita at det var uniformer og gevær han hadde på lasset. Litt ammunisjon var der også.

Han smilte og såg på meg då han sa det, men eg hugsar at eg fann det fælt lite morosamt. Eg stokk ikkje lite og tenkte på dei tre tyskarane eg hadde sett på Ålgård. Enn om me møtte slike på vegen, og dei ville kontrollera lasta! Sjøføren var også sivilkledd. Målet var altså Gilja, og den gamle lastebilen skrangla seg forbi Limagardane, Berge og Lomeland. Det sag ut til å gå heilt bra.

Ved Gjesdal Spinneri på Oltedal vart me stansa av ein flokk norske militære. Dei såg litt bryske ut og høyrdest harde ut når dei snakka. Men då sjaføren hadde parlamentert og gestikulert ei stund blidkast dei, og dei snakka ikkje så høgt lenger. Snart gjekk dei or vegen, vinka oss vidare og ønskte oss lukkeleg tur.

Og det ønsket kunne me visst sårt trengja, for då me kom til bakken mot Dirdal, fann sjaføren at tida var høveleg til å fortelja at bremsene på bilen nok var meir enn skrøpelege. Defekte trur eg var ordet han bruka. Men eg totte det var ein lite høveleg stad å koma med slik kunngjering. Eg var dugeleg redd, og trega sårt på at eg skulle teke den kveldsturen. Sjøføren skjønna nok korleis det stod til med meg, for han skulle liksom trøysta meg:

"Å, du skal sjå, me kjem nok ned.»

Det tvila nok heller ikkje eg på, det var berre måten.....

Endeleg hadde bilen skaka, skrangla og skrike seg ned bakken.og me var på Dirdal. No gjekk det lett å koma vidare til Gilja. Der køyrde me av ein sideveg og stansa ved ei slette. Der sat og stod flokkar av gutar som enno ikkje hadde fått uniformer og anna utstyr. Presenninga kom fort av lasset, og det var ein arbeidsfør og viljug lossegieng som sette i gong. Det såg ut til at gutane lengta etter å koma i uniform. Det vart ei svare prøving og bytting bortover sletta. Mange var forvitne og spurde etter nytt, men det var lite av sikre ting me hadde å fortelja. Den som hugsar dei dagane, veit at det var mykje godt lause rykte som var ute og gjekk då.

Det hadde teke ei heil tid å få alt av bilen, og det tok til å avdagast. Aprilkvelden seig som ein kjempeskugge inn mellom dei høge fjella. Husa kraup inn i skuminga, og eit gråsvart teppe la seg over heile dalen. Slik var det då me skulle ta fatt på heimturen, og denne kom til å verta *vel* så dramatisk som innturen. No fortalde sjåføren at han hadde streng ordre om ikkje å ha ljøs på bilen.

«Me får køyra seint og varsamt, og så lyt du vera med å sjå godt etter, så skal det vel gå», sa han. Eg lova a gjera mitt beste.

På Øvre Oltedal vart me stansa att, og no fortalde dei at me ikkje slapp fram på Lomeland/Lima-sida. Vegen var sperra, heilt blokkert, sa dei. Det skulle vera ein stad ved Lomeland. Me fekk prøva Basthammarvegen og Gjesdalsida, sa dei, men dei kunne ikkje lova at me kom fram der heller. Og så måtte me vera sær sarsame i Kleivo, straks utanfor Oltedal, for der var vegen minelagd, sa dei.

«Kva seier de?» sa sjåføren, men vend mot meg sa han: «Me får prøva Basthammarvegen.» Som vel var, hadde han alltid ei grepa tru.

No var kvelden vorte temmeleg mørk. Komne til Kleivo, gav sjåføren meg ei lommelykt, og sa at eg fekk stiga av og lysa for hjula. Eg protesterte, og sa noko om at me ikkje hadde lov til å bryka ljøs. Da hardna røysta hans, og han spurde om eg hadde noko likare å by, så måtte eg koma med det, men brennfort! Me skal fram, let han.

Eg laut lyda, men skjønna lite av det heile. Narrespel! song det for øyro. Kva kunne vel eg gjera her? Med skjelvande hender lyste eg så godt eg kunne, og sniglande seint seig bilen forbi den farlege staden. Kome heilt forbi, retta sjåføren seg i setet, pusta ut, og sa: «Det var det.»

«Det var det», trur eg eg sa.

Me svinga ned Basthammarvegen, og sjåføren sa at her måtte eg sjå sær vel på vegkantane, for her skulle det visst vera ei mengd stabbesteinar og ein del høge lesteinar. Eg måtte ropa ut om eg såg noko «stytg», og han skulle køyra så varsamt som han berre kunne. Eg hugsar så vel at han fleire gonger bad meg halda andletet heilt inn til frontruta, så eg skulle sjå betre. Og eg gjorde det, heldt andletet så nær ruta som eg berre kunne, og stirte og stirte. Men kva hjelp var det i grunnen i dette? Eg såg likevel ikkje stabbesteinane før det var for seint.

Det var meir enn vanleg mørkt langs Oltedalsvatnet den kvelden, totte eg. Det var som fjella lutte seg utover og la ein ekstra skugge over vegen. Gong på gong rykte det til i oss nar bilen klakka eller skrapa mot stabbestein eller lestein, og eg stirte og stirte. Gong på gong sa sjåføren: «Det gjekk godt.» Og straks etter: «Dette gjekk også.»

Halvt i spøk sa han at det var godt me hadde ein gammal bil. Om han hadde same tankane ned mot Dirdal, er lite truleg. (Seinare hørde eg at bilen tilhørde DFU på Ålgård.)

«Sjå det,» sa sjåføren då me endeleg var på Bjellandsheio. Me stansa for å pusta ut litt då me var straks utanfor Bjelland. Så dryppande stilt det var med eitt da motoren stoppa. Me sat ei heil stund der, Ingen av oss sa ordet. Stilla kring oss tala godt nok.

Grendene sov, ramma inne av mørke fjell. Inkje ljøs stod ut fra vindaugo, korkje på Bjelland, Hadland eller Gjesdal. No ja, det var nattetid og attpå strengt blendingspåbod. Stilla vart sist-på så stor at ho hørdest. Underleg å sitja der i nattetilla å koma i hug at landet var i krig.

Uverkeleg var det heile. Og no skulle eg vel kunna fortalt at eg sat der og tenkte høge tankar om fedreland og meir i den dur. Men så gjæve tankar hadde eg slett ikkje. Eg hadde berre dette ønsket: Gjev eg var heime!

Så bar det vidare, og me snigla oss forbi Gjesdal, Gjesdal kyrkje og Kluge utan at noko særst hende. Men med det same me svinga inn på riksvegen ved Bollestad, vart me stansa av folk i ein svær lastebil. Denne bilen skulle austover og såg ut til å ha eit tungt lass. «Kva er *de* ute etter, og kvifor køyrer de slik?» spurde ein mann fra den andre bilen. «Med same rett kan eg spørja dykk om det same,» sa sjåføren min. «Kva kjem de fra?» «Ein stad i Norge.»

Sjåførane hoppa ned på vegen. Dei snakkast ved ei stund, og det heile ordna seg på beste måte. Eg hadde lært at eg ikkje måtte spørja, derfor tagde eg då sjåføren kom inn att. Me for så over Vaulabrua og mot Ålgård. Seinare hørde eg at den bilen me møtte, hadde ymse krigsmateriell på lasset, saker som var lagra i ei løe, «ein stadj Norge».

I Krossen på Ålgård gjekk eg av. Ingen av oss sa større, me takka einannan for turen og ønskte vel heim. Kor godt det var å kjenna fast grunn under føtene! Men eg kom i hug at nett her, i Krossen, stod tre tyske offiserar for litt sidan.

Krambugata var mørk, still og tom då eg rusla heimover. Men eg levde turen opp att fleire gonger då eg hadde lagt meg. Og det er sikkert og visst at det er eit av dei sterkaste minne eg har fra den tida. Det sette seg uvanleg fast.

Kven sjåføren var, spør du gjerne. Jau, seinare fekk eg vita at han heitte Steinar Kristiansen og var fra Stavanger. Mange vil sikkert hugsa han som ein kjend idrettsmann, spesialist på titusenmeteren.

(Menighetsblad for Gjesdal 1983)